



KANDIDAT

606

PRØVE

JUS1002 1 Arve- og familierett

Emnekode	JUS1002
Vurderingsform	Skriftlig eksamen
Starttid	11.11.2019 08:00
Sluttid	11.11.2019 14:00
Sensurfrist	02.12.2019 22:59
PDF opprettet	23.09.2020 07:52

Seksjon 1

Oppgave	Tittel	Oppgavetype
i	Informasjon	Dokument
i	Praktikumsdel - tekst	Dokument
1	Praktikumsdel - spørsmål	Langsvar
2	Teoridel	Langsvar

1 **Praktikumsdel - spørsmål**

Spørsmål 1: Har Peder rett til å overta seilbåten i skifteoppjøret?

Spørsmål 2: Kan Peder kreve skjevdeling av hele eller deler av seilbåtens verdi?

Spørsmål 3: Kan salget av båten fra Peder til Kari omstøtes?

Spørsmål 4: Forutsatt at salget kan omstøtes og seilbåten er en del av dødsboet, kan Kari kreve seilbåten utlagt til seg i skifteoppjøret?

Skriv ditt svar her...

Spørsmål 1: Har Peder rett til å overta seglbåten i skifteoppgjeret?

Tvisten står mellom Peder og Marte.

Peder krevjer å overta båten i skifteoppgjeret. Marte motsett seg dette og meiner ho er medeigar i båten.

Den overordna problemstillinga er om Peder har rett til å overta seglbåten som naturalutlegg i skifteoppgjeret. Etter ekteskapslova, herav forkorta el., §66 (1) har ein ektefelle rett til å behalde eigendelar eller rettigheter som han eller ho "fullt ut" eller for det "vesentlege eig", dersom det ikkje vil føre til eit "openbart urimeleg resultat" etter forholda.

Ein alminneleg språkleg forståing av bestemmelsen tilseier at Peder må eige båten tilsvarende 100% eller for det "vesentlege". Kva som ligg i ordlyden "vesentleg" er av juridisk teori satt til å vere rundt 75% eller 3/4 av eigarandelen. Av dette følgjer det difor at Peder må eige ca. 75%-100%

av seglbåten for å kunne overta den som naturalutlegg i skifteoppgjeret.

Det første spørsmålet er om Marte er blitt medeigar i seglbåten.

Av faktum følgjer det at Peder arva båten av faren sin i 1985, kort tid etter at Marte og Peder gifta seg. Vidare kjem det ikkje fram at båten er Peders særeige, og den er følgeleg difor å rekne som felleseige. At Peder har arva båten, tilseier eit strengare krav til innsats frå Marte si side, då båten ikkje er erverva av ektefellene saman under ekteskapet. Reint alminneleg vedlikehald kan difor ikkje reknast for å vere nok.

Det er ikkje heimel i Ekteskapslova som gir direkte uttrykk for korleis ein ektefelle kan bli medeigar i noko som den andre ektefellen eig. I både Rt. 1975 s.220 og Rt. 1980 s.1403 behandla Høgsterett ein liknande problemstilling, men desse dommane gjaldt felles bustad. I dommane legg Høgsterett vekt på innsatsen til ektefellane og føretek ein samla vurdering av dei reelle forholda for å avgjere om ein ektefelle har fått sameigedel i eigendelen. Spørsmålet vert difor vidare om Martes innsats, gjennom ein samla vurdering, har gitt ho ein sameigedel i båten.

Av faktum følgjer det at Marte har hatt hovudansvaret for det omfattande vedlikehaldet som krevjast av ein gammal båt. Ho arbeidde som møbelsnekkar og hadde gode praktiske evner. Vidare følgjer det av faktum at Marte hadde pussa opp båten etter alle kunstens reglar i løpet av to år, og at ein følge av denne oppussinga var ein dobling av seglbåtens verdi. Verdistigninga på seglbåten skuldast ikkje nokon marknadsvekst, då marknadsverdien hadde stått stille alle åra. Likeins følgjer det av faktum at seglbåten har vore brukt mykje av familien på sommarhalvåret, og at alle var glade i segling. Dette talar klart for at Marte har opparbeida seg ein eigarandel i seglbåten.

På den andre sida er ervervinga av båten eit resultat av arv frå Peders far. Seglbåten er difor ikkje erverva i fellesskap mellom Marte og Peder.

Dette er eit moment som Høgsterett har lagt betydeleg vekt på i dommane som er nemnd.

Ein utvidande tolking av el. §31 (3) talar for at Marte har opparbeida seg ein eigarandel i seglbåten. Av denne regelen følgjer det at det skal leggjast vekt på ein ektefelles arbeid i heimen, ved vurderinga av kven som har erverva eigedelar som har tent til ektefellenes felles personlege bruk, som felles bustad og vanleg innbo. Seglbåten har i stor grad tent som ektefellenes felles personlege bruk og Martes innsats og arbeid på båten talar for at ho har opparbeida seg ein eigarandel.

Martes innsats og arbeid på båten må reknast for å vere langt meir enn det ein kan rekne som alminneleg vedlikehald. At oppussinga dobla verdien av båten, og det omfattande vedlikehaldet som ellers trengst på ein gamal trebåt, talar sterkt for at Martes innsats har gjort ho til medeigar i båten.

Delkonklusjonen er at Marte er medeigar i seglbåten.

Spørsmålet vidare vert kor stor del Marte er eigar av.

Av sameigelova §2 (1) følgjer det at når det ikkje er grunnlag for anna, skal sameigarane reknast for å ha like stor part kvar. Det er ikkje noko i faktum som skulle tilseie ein anna ordning enn denne. At Martes innsats har bidratt til å doble verdien av seglbåten talar for at dei eig ein halvpart kvar.

Delkonklusjonen er at Marte er medeigar med ein halvpart.

For at Peder skal kunne overta seglbåten på skifteoppgjeret, må han "fullt ut" eller for det "vesentlege" eige seglbåten, jf. el. §66. Det er tidlegare konkludert med at Marte er eigar av seglbåten med ein halvpart, og Peder eig difor ikkje seglbåten fullt ut. Han eig heller ikkje

seglbåten vesentleg, då ein slik eigarandel er satt til å vere rundt 75% eller 3/4, jf. juridisk teori.

Konklusjonen er at Peder ikkje kan overta seglbåten i skifteoppgjeret.

Spørsmål 2: Kan Peder krevje skeivdeling av heile eller delar av seglbåtens verdi?

Peder krevjer å skeivdele båtens verdi. Marte motsett seg dette.

Den overordna problemstillinga er om Peder kan skeivdele heile eller delar av seglbåtens verdi.

Hovudregelen ved oppgjer av ekteskap er likedeling, jf. el. §58. Det rettslege grunnlaget for å løyse tvisten er unntaket i el. §59. Av denne regelens første ledd følgjer det at ein ektefelle kan halde verdier som "klart kan førast tilbake" til midlar som ein ektefelle hadde då ekteskapet vart inngått, eller som ektefellen seinare har erverva ved "arv" eller "gåve" frå andre enn ektefellen, utanfor delinga.

Av faktum kjem det klart fram at seglbåten stammar frå arv frå faren til Peder, og i utgangspunktet kan Peder difor skeivdele sin verdidel av seglbåten. Av Rt. 2002 s.1596 følgjer det at det er den forholdsmessige delen ein kan skeivdele. Peder eig halvparten av seglbåten, jf. spørsmål 1. Båten er ikkje påhefta gjeld og den tredobla prisstigninga skuldast marknadskrefter. Peder kan difor skeivdele den halvparten han eig av båten. Båten er verdt kr. 3 000 000 på skiftetidspunktet, og Peder kan følgjeleg skeivdele kr. 1 500 000.

Delkonklusjonen er konklusjonen er at Peder kan skeivdele kr. 1 500 000 av seglbåtens verdi.

Marte anfører at Peder ikkje kan krevje skeivdeling av den delen av seglbåten som var hans, og at det ville føre til eit urimeleg resultat dersom noko som helst av seglbåtens verdi kunne skeivdelast.

Av el. §59 (2) følgjer det at dersom retten til å utta midlar etter første ledd fører til eit "åpenbart urimelig resultat", kan retten heilt eller delvis falle vekk. Ved vurderinga skal det særleg leggjast vekt på ekteskapets varigheit og ektefellenes innsats for familien. Høgsterett har uttalt at dette er ein snever unntaksregel, jf. Rt. 1999 s.177.

Spørsmålet vert difor om Peders rett til å skeivdele vil føre til eit "åpenbart urimelig resultat".

Av faktum følgjer det at Peder og Marte har vore gift i 30 år. Dette må reknast for å vere svært lenge og talar for at skeivdelingsretten vil føre til eit urimeleg resultat. Marte har også hatt hovudansvaret for vedlikehaldet av seglbåten og utan hennar oppussing og vedlikehald ville ikkje båten vore verdt det den er på skiftetidspunktet. Marte anfører at ho har hatt eit særleg ansvar og innsats for barna og huset også. Av det ein kan utleie av faktum må ein kunne leggje til grunn at Martes innsats for familien og særleg seglbåten har vore vesenteg større enn Peders innsats. Dette talar for at skeivdelingsretten vil medføre eit urimeleg resultat. Også reelle omsyn talar for dette.

Sjølv om el. §59 (2) er ein snever unntaksregel, vil skeivdelingsretten til Peder medføre eit "åpenbart urimeleg resultat".

Konklusjonen er at Peder ikkje kan krevje skeivdeling av heile eller delar av seglbåtens verdi.

Spørsmål 3: Kan salet av båten frå Peder til Kari omstøtast?

Twisten står mellom Hans og Kari.

Hans krevjer at salet av seglbåten omstøtast fordi Peder ikkje hadde rett til å selje båten på slike vilkår. Kari er ueinig og meiner at hennar del i vedlikehaldet måtte sjåast på som ein del av vederlaget.

Det rettslege grunnlaget for å løyse tvisten er arvelova, herav forkorta al., §19. Hovudregelen som følgjer av denne bestemmelsens første ledd er at attlevande ektemakte som sitt i uskifte, ikkje utan samtykke frå arvingane gi vekk fast eigedom, eller andre gåver som står i "mishøve" til formuen i buet. Av andre ledd følgjer det at arvingane kan krevje gåva omstøtt dersom gåvemottakaren "skjøna" eller "burde skjøna" at ektemaken ikkje hadde rett til å gi gåva. Av bestemmelsens fjerde ledd følgjer det at gåvesal vert omfatta av bestemmelsen.

For at Hans skal få medhald i at salet kan omstøytast må følgjeleg tre vilkår som kan utleiast av al. §19 vere oppfylt. For det første må det føreligge eit gåvesal. For det andre må gåva stå i "mishøve" til formuen i buet. For det tredje måtte Kari "skjøna" eller "burde skjøna" at ektemaken ikkje hadde rett til å gi gåva. Dette er eit vilkår om at mottakaren må vere i aktsam god tru, jf. juridisk teori.

Det første spørsmålet er om det føreligg eit gåvesal.

Om det føreligg eit gåvesal beror på ein samanlikning av eigedelens og vederlagets verdi, og på om eit eventuelt misforhold inneheld ei gåve, jf. Rt. 2010 s.1361.

Av faktum følgjer det at seglbåten var verdt kr. 3 000 000. Peder ynskja å selje båten til Kari fordi han meinte ho var mest eigna til å overta den. Kari hadde dessutan bidratt mykje til vedlikehaldet av seglbåten. Kari hadde ikkje råd til å kjøpe båten for meir enn kr. 1 500 000. Objektivt sett ligg det klart eit gåveelement i salet. Prisen Kari betalar er halvparten av den reelle marknadsverdien seglbåten har. Det vil likevel vere eit rom

for at det marknadsmessige potensiale ikkje utnyttast ved overdraging til nærstående, og omstøyting bør ikkje vere aktuelt med mindre misforholdet er betydeleg, jf. Rt. 2010 s.1361.

I denne saka er misforholdet klart å rekne som vesentleg. Det følgjer likevel av faktum at Peder meinte at Kari burde få ein viss kompensasjon i kjøpet, på grunn av vedlikehaldsarbeidet ho hadde tatt seg av. Dette kan likevel berre tilleggast begrensa vekt. I mangel på haldepunkt i faktum må ein gå utifrå at det er snakk om reint alminneleg vedlikehald. Sjølv om Kari har deltatt i ein periode på 15 år, tolkast faktum dithen at det er særleg dei siste tre åra Kari har tatt på seg mesteparten av vedlikehaldsarbeidet. Ein kompensasjon på 1 500 000 kr for dette vil framstå som svært uvanleg og reelle omsyn talar mot at ein kan tilleggje denne kompensasjonen så mykje vekt.

Delkonklusjonen er at det føreligg eit gåvesal.

Det andre spørsmålet er om gåvesalet står i "mishøve" til formuen i buet.

Ein alminneleg språkleg forståing av "mishøve" tilseier at gåvesalet må medføre ein ikkje uvesentleg reduksjon av buet. Det må vere tale om eit misforhold, der gåvesalet medfører eit ikkje ubetydeleg inngrep i totalverdien av buet.

Av faktum følgjer det at misforholdet er på 1,5 millionar og at totalverdien på buet er på 6 millionar. Gåvesalet utgjer 1/4 eller 25% av buets totalverdi. Det er ingen fast prosentgrense som bestemmer når misforholdet er stort nok til å medføre ein omstøyting. I juridisk teori er det heller ikkje einigheit. John Asland har tatt til orde for at dersom misforholdet utgjer ein stad mellom 10%-30% av totalverdien i buet, så vil dette tale for omstøyting. Dette leggast difor til grunn i det følgjande. I vår sak utgjer misforholdet 25% av totalverdien av buet, og det ligg følgjeleg tett opp til grensa som Asland meiner vil føre til omstøyting.

Det vil likevel variere ut i frå kor store verdiar det er i buet. Eit bu med mykje verdiar vil lettare kunne tillate gåvar som er opp mot 30% av buet, enn ved små bu. I vår sak er ikkje buet særleg stort og eit misforhold på 25% må reknast som ein vesentleg reduksjon av buet.

Delkonklusjonen er at gavesalet står i mishøve til buet.

Det tredje spørsmålet er om Kari var i aktsam god tru.

Spørsmålet er om Kari "skjøna" eller "burde skjøna" at Peder ikkje kunne gi gåva. Vurderinga må byggje på situasjonen slik den fortonte seg på overdragingstidspunktet.

Av faktum følgjer det at Kari var klar over at Peder satt i uskifte, men at ho ikkje visste at det var nokon begrensningar på disposisjonsretten når ein satt i uskifte. Vidare følgjer det av faktum at ho syntest prisen var låg, men at vedlikehaldsarbeidet var ein del av vederlaget. Prisen vart som den var, delvis på grunn av at Kari ikkje hadde råd til meir, og delvis på grunnlag av kompensasjon for vedlikehald.

Det må kunne leggjast til grunn at Kari var godt kjend med den reelle verdien på seglbåten då ho kjøpte den. Ho har vedlikehaldt den lenge og er ein seglarentusiast sjølv. Dette talar for at Kari ikkje var i aktsam god tru. At Kari ikkje var kjend med reglane for disposisjonsretten for uskifte på salstidspunktet, kan ikkje tilleggjast nemneverdig vekt, jf. Rt. 2010 s.1361.

Delkonklusjonen er at Kari ikkje var i aktsam god tru.

Konklusjonen er at salet av båten frå Peder til Kari kan omstøytast.

Spørsmål 4: Føresettt at salet kan omstøytast og at seglbåten er ein del

av dødsbuet, kan Kari krevje seglbåten utlagt til seg i skifteoppgjeret?

Twisten står mellom Kari og Hans.

Kari krevjer å få seglbåten utlagt til seg i skifteoppgjeret og anfører ein rekkje grunnar. Hans motsett seg dette fordi han føler seg lur. Han meiner seglbåten burde seljast fritt på den opne marknaden.

Den overordna problemstillinga er om Kari kan krevje seglbåten utlagt til seg i skifteoppgjeret.

Det rettslege grunnlaget for å løyse tvisten er skiftelova, herav forkorta sl., §61. Utgangspunktet er at buets eigendelar skal seljast dersom loddeigarane ikkje vert einige om fordelinga. Legaldefinisjonen av loddeigar følgjer av sl. §124. Av denne regelen skal ein loddeigar forståast som ein arving som har krav på lodd i buet. Både Hans og Kari er følgjeleg å rekne som loddeigarar, då dei er dei einaste arvingane til buet.

Av sl. §61 (2) følgjer det at dersom det er ueinigheit om ein loddeigar skal få utlagt bestemte eigendelar, kan dei berre leggast ut til loddeigaren dersom "gode grunner talar for det", og det ikkje er nokon "rimeleg grunn" for dei andre loddeigarane til å motsetje seg det.

Bestemmelsen oppstiller følgjeleg to kumulative vilkår: Den som krevjer naturalutlegg må ha "gode grunnar" for det, og dei øvrige loddeigarane må ikkje ha "rimeleg grunn" til å motsetje seg naturalutlegg. Vilkåra henger saman, då det er ein viss grad av gjensidig avhengigheit mellom dei, jf. Rt. 2009 s. 1512.

Ein alminneleg språkleg forståing av ordlyden i vilkåra tilseier at det stillast relativt strenge krav til den som krevjar naturalutlegg.

I Rt. 2009 s. 1512 uttalar førstvoterande at bestemmelsen er ein unntaksregel som skal brukast varsamt, og den som krevjer naturalutlegg må godtgjere vesentleg meir enn interesseovervekt for å få medhald.

Spørsmålet vert difor om Kari har "gode grunnar" for å krevje seglbåten utlagt som naturalutlegg.

Av faktum følgjer det at Kari meiner ho har langt betre føresetnader enn Hans til å overta båten. Dette var Hans einig med tidlegare, men han har no skifta meining. At Kari har deltatt i vedlikehaldet av båten dei siste 15 åra talar for at Kari bør få utlagt båten. I Rt. 2009 s.1512 kom Høgsterett til at foreldra ikkje hadde eit bestemt ynskje om at eit av barna skulle overta garden. I vår sak er det imidlertid klart som dagen at Peder ynskja at Kari skulle overta båten. Peder ynskja å selje båten til Kari fordi han meinte ho var best eigna til å overta den. Dette talar også for at Kari bør få utlagt båten. Kari anfører vidare at ho er sterkt knytt til båten. Dette meiner Hans at han også er. Sjølv om begge har vakse opp med båten på sommarstid, tilseier alt det vedlikehaldsarbeidet Kari har bidratt med til at ho i nokon grad er sterkare knytt til båten enn det Hans er.

Delkonklusjonen er at Kari har gode grunnar for å krevje seglbåten utlagt som naturalutlegg.

Det neste spørsmålet vert om Hans har "rimeleg grunn" til å motsetje seg naturalutlegget.

Det er lite haldepunkt i faktum som tilseier at Hans har rimelege grunnar til å motsetje seg naturalutlegget. Av faktum følgjer det at Hans i utgangspunktet hadde meint at Kari burde få båten, men han hadde skifta meining etter avtalen mellom Kari og Peder. Vidare anfører han at han også var knytt til båten. Hans har i likskap med Kari vakse opp med båten og nytta den seinare i livet, men det er ikkje haldepunkt i faktum

som tilseier at han på langt nær var like sterkt knytt til den som det Kari er. Hans har difor ingen "rimeleg grunn" til å motsetje seg naturalutlegget.

Delkonklusjonen er at Hans ikkje har rimeleg grunn til å motsetje seg naturalutlegget.

Dei kumulative vilkåra som følgjer av sl. §61 (2) er oppfylt og Kari kan krevje seglbåten utlagt til seg på skifteoppgjeret.

Konklusjonen er at Kari kan krevje seglbåten utlagt til seg på skifteoppgjeret.

2 Teoridel

Gi en redegjørelse for de ulovfestede reglene om vederlagskrav for samboere.

Skriv ditt svar her...

Dei ulovfesta reglane om vederlagskrav for sambuarar

Sambuarar er ein samlivsform i ein særskild rettsleg stilling. Samlivet er ikkje lovregulert på same måte som eit ekteskap, og med unntak av arv, er reglane om sambuarskap i høg grad basert på ulovfesta rett. Ein kan ikkje nytte ekteskapslova analogisk på sambuarskap. Hovudregelen ved sambuarforhold er at partane eig og råder fritt over det dei sjølv eig og har tatt med inn i sambuarforholdet. Men på lik linje som i ekteskap kan ein sambuar krevje vederlag dersom den tilfører den andre part ein økonomisk fordel. I Rt. 1984 s.497 uttalte førstvoterande "Etter mitt syn må det imidlertid ved oppløsning av samboerforhold være rom for vederlagskrav basert på alminnelege berikelses- og restitusjonsprinsipper og på rimelighetsbetraktninger". Vederlagskrav er ein form for erstatning eller tilgodekjenning som ein kan få dersom ein gjennom innsats eller andre overføringar har tilført den andre sambuaren ein økonomisk fordel. I denne oppgåva vil det gjerast greie for vilkåra for vederlagskrav

for sambuarar, moment som skal tilleggjast vekt og avslutningsvis vil denne ulovfesta retten kort kommenterast. Oppgåva vil i hovudsak takast utgangspunkt i Rt. 2000 s.1089 som anvender det førstvoterande i Rt. 1984 s.497 uttaler direkte.

I Rt. 2000 s.1089 (Stell og pleie-dommen) satt Høgsterett eit prejudikat for vederlagskrav mellom sambuarar ved samlivsbrot eller død. I dommen vart den gjenlevande sambuaren tilkjend vederlagskrav i dødsboet for omfattande stell og pleie av sin sambuar. Høgsterett grunnla dette i alminnelege berikelses og restitusjonsprinsipp. Resultatet i denne dommen vart at sambuaren vart tilkjend eit vederlagskrav på kr. 400 000 i dødsbuet til sambuaren.

For å kunne krevje vederlagskrav ved samlivsbrot eller død mellom sambuarar må det visse vilkår vere oppfylt og andre rimelegheitsgrunnar må tale for det. Av Stell og pleie-dommen kan det utleiast to hovudvilkår som må vere oppfylt for å få medhald i eit vederlagskrav. Det første vilkåret er at sambuarens innsats har tilført den andre sambuaren ein økonomisk fordel. Denne innsatsen kan vere i form av stell og pleie, oppussingsarbeid, særleg omfattande vedlikehaldsarbeid og anna liknande innsats og arbeid. Eit undervilkår av dette vilkåret er at ein vil sjå på den økonomiske fordelten som ein berikelse eller besparelse. Eit døme på dette er dersom den eine sambuaren pussar opp store delar av huset som den andre sambuaren eig. Ved eit samlivsbrot vil sambuaren som eig huset ha mottat ein berikelse i form av auka verdi på huset, og ein besparing i form av at han eller ho slepp å nytte eit snekkarfirma til arbeidet.

Det andre hovudvilkåret er at den økonomiske fordelten ikkje må vere uvesentleg. Det vil seie at fordelten må vere av eit slikt omfang at det klart verkar rimeleg med eit vederlagskrav. Dersom den eine sambuaraen skiftar olje på bilen til den andre sambuaren, vil ikkje dette kvalifisere til eit vederlagskrav. Fordelten må såleis vere av eit noko større omfang enn

vanlege og kvardagslege tenester. Den økonomiske fordel vil vere bestemmande for det maksimale omfanget av vederlagskravet. Dersom ein sambuar tilfører den andre ein økonomisk fordel til ein verdi av kr. 100 000, vil dette vere det maksimale beløpet sambuaren kan krevje.

I tillegg til dette kan vederlag berre krevjast så langt dette finnast rimeleg. I dommen uttalar Høgsterett at vederlag vil framstå rimeleg når sambuarens innsats er ekstraordinær i omfang og varigheit. I Stell og pleie-dommen la Høgsterett vekt på at sambuaren over lengre tid tok seg av den andre, der den pleietrengande sambuarens sinnstilstand var belastande og nærast hjelpelaus. Høgsterett la i dommen særleg vekt på at i den aktuelle saka tilsa rettfærds- og rimelegheitsbetraktningar det same resultatet.

Utmålinga av vederlagskravet må skje ut i frå ein skjønnsmessig rimelegheitsvurdering. Høgsterett oppstillar vesentlege moment i Stell og pleie-dommen som vil bidra til å avgjere størrelsen på vederlagskravet. Sambuarskapets varigheit, sambuaranes inntekter, den netto formue som ligg til grunn i dødsbuet, varigheita av den ekstraordinære omsorga og fysiske og psykiske belastningar ramsar Høgsterett opp som vesentlege moment. Andre moment som til dømes omfanget av oppussing eller anna vedlikehaldsarbeid vil vere sentrale og vesentlege i andre tilfelle enn stell og pleie. Dersom sambuarens innsats har medført tapte inntekter, vil eit vederlagskrav ha karakter av ein form for erstatning. Dess meir omfattande innsats som leggjast til grunn av den eine sambuaren, dess sterkare vil eit vederlagskrav stå.

Den ulovfesta retten som følgjer av prejudikatet i Stell og pleie-dommen har fått stor innverknad på formuerettens område, og ikkje berre innanfor det familierettslege området. Likevel medfører det å anvende ulovfesta reglar ein viss usikkerheit. Det vert i dei fleste saker difor opp til ein skjønnsmessig vurdering for å avgjere om vederlagskrav skal finne stad eller ikkje. Ein lovfesting av sambuarretten kan medføre klarheit og

presisering på ein rekkje områder, som i dag kan vere gjenstand for tvistar. Samfunnsøkonomiske omsyn talar også for ein lovfesting av sambuarretten, då ein kan sjå føre seg at klare reglar vil hindre at sakar endar opp i domstolen. Det er særleg skjønsmessige saker som havnar i domstolane. Det er likevel ikkje brei einigheit i juristmiljøet om behovet for ein slik lovfesting.